

# EØS-ORGANER

## EØS-KOMITEEN

AVGJERD I EØS-KOMITEEN  
nr. 46/2017

2018/EØS/81/01

av 17. mars 2017

om endring av vedlegg I til EØS-avtala (Veterinære og plantesanitære tilhøve)

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla EØS-avtala, særleg artikkel 98,

og på følgjande bakgrunn:

- 1) Kommisjonens gjennomføringsavgjerd (EU) 2016/1917 av 27. oktober 2016 om endring av vedtak 2009/821/EF med omsyn til listene over grensekontrollstasjonar og veterinæreiningar i TRACES<sup>(1)</sup> skal takast inn i EØS-avtala.
- 2) Denne avgjerda gjeld føresegner om veterinære tilhøve. Føresegner om veterinære tilhøve skal ikkje gjelde for Liechtenstein så lenge avtala mellom Det europeiske fellesskapet og Det sveitsiske eidssambandet om handel med landbruksprodukt er utvida til å omfatte Liechtenstein, som nemnd i tilpassing etter sektor i vedlegg I til EØS-avtala. Denne avgjerda skal difor ikkje gjelde for Liechtenstein.
- 3) Vedlegg I til EØS-avtala bør difor endrast –

TEKE DENNE AVGJERDA:

### *Artikkel 1*

I EØS-avtala vedlegg I kapittel I del 1.2 nr. 39 (kommisjonsvedtak 2009/821/EF), skal nytt strekpunkt lyde:

”– **32016 D 1917:** Kommisjonens gjennomføringsavgjerd (EU) 2016/1917 av 27. oktober 2016 (EUT L 296 av 1.11.2016, s. 17).”

### *Artikkel 2*

Teksta til gjennomføringsavgjerd (EU) 2016/1917 på islandsk og norsk, som vil verte kunngjord i EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*, skal verte gyldig.

### *Artikkel 3*

Denne avgjerda tek til å gjelde 18. mars 2017, på det vilkåret at alle meldingar etter artikkel 103 nr. 1 i EØS-avtala er sende inn(\*).

(<sup>1</sup>) TEU L 296 av 1.11.2016, s. 17.

(\*) Ingen forfatningsrettslege krav oppgjevne.

*Artikkel 4*

Denne avgjerda skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*.

Utfjerda i Brussel 17. mars 2017.

For EØS-komiteen

***Claude Maerten***

Formann